

Sjøwall mot fylkesmannen**09.04.2010**

Per Arild Sjøwall går mot fylkesmannen si klage og meiner at forvaltningskomiteen bør oppretthalda vedtaket sitt om å gje løyve til frådeling av ei bustadtomt i Kleivadalen.

Sjøwall meiner at det aktuelle området framstår som tettbygd og at det vil vera naturleg å fortetta med ein bustad på denne tomta. Terrenget er bratt og ulendt og lite brukta, påpeikar søkjaren.

Han viser og til at det på naboeigedomen er ført opp bebyggelse som glir fint inn i terrenget. Det viser at det er mogeleg å setta opp bebyggelse i dette området som gjev små inngrep i terrenget og som pasar inn i resten av bebyggelsen i området.

Sjøwall meiner at ein bustad der han ynskjer å byggja han vil vera ein naturleg utvikling av den sentrumsnære bebyggelsen i Uskedalen.